

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	17.08.2023
Vår referanse	2022/45700-8
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Bjørnar Tjøflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til detaljplan for miljø og landskap og søknad om endra anleggskonsesjon for Haugsvær kraftverk, dykkar ref.: 202301693

Bakgrunn

Løyve til å bygge Haugsvær kraftverk er gitt i NVE sitt vedtak datert 19.04.2016. I vedtak datert 11.05.2022 ga NVE løyve til utsett byggjefrist. Ny byggjefrist er sett til 18.04.2026. Konsesjonen ligg til grunn for denne høyringa og sjølve konsesjonsspørsmålet er difor ikkje gjenstand for ny høyring.

Skildring av tiltak

Haugsvær småkraftverk vil nytta fallet i Gjerbergelva, mellom Haugsværvatn og Haugsværfjorden, til kraftproduksjon. Det er planlagt inntak på kote 152, ved utlaupet av Haugsværvatnet. Vassinntaket er tenkt bygget med tilhøyrande terskel. Vatnet førast i nedgrave røyr til kraftstasjonen. Kraftstasjonen byggjast på kote 2 på Gnr 47og bnr 5 ved Vollen nede ved fjorden. Brutto fallhøgde blir 150 meter. Røyr gata vil bli rundt 930 meter lang og ha en diameter på 900 mm.

Haugsvær Småkraftverk er venta å produsera rundt 3,9 GWh i eit normalår, fordelt på 1,9 GWh vinterproduksjon og 2,0 GWh sommarproduksjon.

Utbyggingsområdet ligg ved Haugsvær tettstad, ca. 20 km sør for Sognefjorden i Masfjorden kommune, Vestland Fylke. Gjerbergelva går frå Haugsværvatnet ned til Haugsværfjorden. Elva renn i ein trong dal med småkuperte stryk og juv. Inntaket vil ligga like nedstraums vatnet på kote 152,3

Utbygginga består av følgjande:

- Inntakskanal/Inntaks-konstruksjon
- Bygging av røyr gate
- Bygging av kraftstasjonsbygg
- Montering av maskiner med kontrollutstyr i kraftstasjonsbygget
- Elektroinstallasjon av lågspent
- Bygging av høgspentkabel frå kraftstasjonen sin nettstasjon til nettinntak 22 KV-koplingspunkt

Tekniske data:

- Inntak kote: 151,9 moh
- Utlaupe frå turbin kote: 2,0 moh
- Brutto fallhøgde: 149,0 meter
- Nedbørsfelt: 5,3 km²
- Avrenning pr. km²: 110 l/s
- Middelvassføring: 583,0 l/s
- Maks Slukeevne: 1312 l/s
- Netto fallhøgde: 146 m

- Generatoreffekt: 2000 kVA
- Turbin: Pelton 5 stråler
- Venta årsproduksjon: 4,4 GWh/år
- Minstevassføring sommar: 35 l/s
- Minstevassføring vinter: 35 l/s

Detaljplan for miljø og anlegg

Detaljplanen som er lagt fram skildrar korleis det er planlagt å bygge det konsesjonsgitte anlegget.

Søknad om anleggskonsesjon

Netteigar har opplyst søkjar om at tilknytingspunkt må endrast frå slik han ligg i opphavelag anleggskonsesjon. Haugsvær kraft søker no om anleggskonsesjon for følgjande:

- Ein om lag 900 meter lang 22 kV-jordkabel frå kraftstasjonen til tilknytingspunkt på netteigar sin eksisterande leidning. Kabelen skal leggast i røyrgatetraseen til kraftstasjonen
- Ein generator med yting 2 MVA og spenning 0,69 kV
- Ein transformator med yting 2 MVA og omsetning 0,69/22 kV
- Naudsynt høgspenningsanlegg

Friluftsliv

Jordkabel og andre omsøkte tiltak knytt til kraftverket er ikkje i konflikt med kartlagde friluftslivsområde eller andre registrerte friluftslivsinteresser. Jordkabelen på 900 meter vil følgje røyrgatetrassen til kraftstasjonen. Tiltaket synast ikkje å ha nemneverdige konsekvensar for friluftsliv.

Kulturminne

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturminnemynde.

Kraftutbygginga er planlagt i eit område som ikkje tidlegare har vore systematisk undersøkt ved kulturhistorisk kartlegging, og det er fleire areal i tiltaksområda som må avklarast. Vi finn det difor naudsynt å få avklart tiltaksområda knytt til røyrttraséen og kraftstasjon gjennom arkeologisk registrering.

I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar. Arkeologiske registreringar kan gjennomførast i sommarhalvåret frå mars til november så langt det ikkje er tele i marka eller snø dekkjer terrenget. For å få stadfesta omfang av registreringa og utarbeida eit kostnadsoverslag, kan tiltakshavar kan ta kontakt med Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune.

Vassmiljø

Vi har ingen vassmiljøfaglege merknadar til detaljplanen.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonssjef
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjoflot
rådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

MASFJORDEN KOMMUNE

Austfjordvegen 2724

5981

MASFJORDNES

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER